



Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/19384 - 22/91007

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
29.11.2022

## **Ber om endra praksis/kommentar til dykkar brev av 24.10.2022 som gjeld ikkje godkjent avkøyrsløye til Fv 5464 Mykingvegen ved gbnr. 29/3 Hauge i Alver kommune**

Vi syner til dykkar brev dagsett 24.10.2022 (ref. 2022/81967-2) som gjeld ikkje godkjent avkøyrsløye til fv 5464 – Mykingvegen i Alver kommune.

På slutten av ovanfor nemnte brev står det: «Det er opparbeidd ein ny tilkomstveg som ligg innanfor byggjegrense langs veg. Det er og utført terrenginngrep innanfor byggegrensa. Vi kan ikkje sjå at desse tiltaka er omsøkt. Vi vurderer at tiltaka er søknadspliktig etter veglova. Dersom Alver kommune har gjeve løyve til tiltaka ber vi om at løyve vert sendt til oss».

Kommunen er kjent med at det er fylkeskommunen som er vegmynde i saker som vedkjem fylkesvegar. Alver kommune har ikkje for vane og har heller ikkje høve til å meine noko/godkjenne avkøyrsløye til/frå fylkesvegar. Dette burde vere kjent for fylkeskommunen.

Ved å skrive som de gjer, skapar det urealistiske forventningar om at Alver kommune kan gje slikt løyve/ha meiningar om dette. Dette er ikkje i kommunen si interesse og vi vil tru at det same gjeld fylkeskommunen.

Om fylkeskommunen meiner vi har gjeve slikt løyve anten i denne saka eller i andre saker, torer vi be om at fylkeskommunen for ettertida tek det direkte opp med kommunen slik at ein ikkje skapar denne forventninga rundt om.

Vi legg for ordens skuld ved vedtaket i høve godkjenning av plan for bygging av denne vegen.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rita Merete Kjenes Hauge  
Vestland Fylkeskommune

Mykingvegen 761  
Postboks 7900

5913  
5020

Eikangervåg  
Bergen